

Solidaritetsaksjon ved Bore ungdomsskule

Bore ungdomsskule vil i veke 44 ha ein solidaritetsaksjon.

Kunnskapsløftet (generell del), opplæringsmål:

- gje kvar elev vilje til å hjelpa andre
- fremja internasjonal bevisstheit
- fremja moralsk og kritisk ansvar for den verda vi lever i



Røde Kors

Skulen vil i denne veka samla inn pengar til

Røde kors sitt arbeid i Syria

Det er m.a. tilbod om å få fri dei tre første timane på torsdag, slik at elevar kan jobba og tena min. kr 200 til aksjonen. Elevane kan jobba kva dag dei ynskjer, men alle som jobbar avspaserar 3 skuletimar torsdag 29. oktober. Frist for å levera pengar: fredag 30. oktober, men lever dei helst på torsdag (aksjonsdagen).

Torsdag vil vi ha ulike aktivitetar:

7.+ 8. trinn: 1.- 3. time

9. + 10. trinn: 4.- 6. time

Elevane kryssar sjølv av på kva dei skal gjere denne dagen på klasselista som heng i klasserommet. Svarfrist er torsdag 22. oktober.

Elevrådet vil og arrangera ei utlodding, og treng gevinstar til den.

Dersom foreldre/arbeidsgjevarar kan gje oss div reklameprodukt frå bedrifta dei jobbar i, vil vi vera takknemlege for å få det (t.d. drikkeflasker, matboksar, handklær, caps, sekkar, kulepennar, nøkkelringar.